

Kreative elevar frå Vartdal og Sæbø på gründercamp

Kreative løysingar og friske idéar stod i fokus då elevane frå skulane på Vartdal og Sæbø hadde gründercamp førre veke. Eit framtidsretta konsept med historiske røter gjekk av med sigeren.

Elevane i til saman femten grupper frå ungdomsskulane på Vartdal og Sæbø fekk verkeleg vridd hjernane for å kleggje ut dei beste løysinga på forretningsmessige utfordringar på gründercampen.

Sju kommunar med

Gründercamp er eit konsept i regi av kommunesamarbeidet Sjustjerna med mål om å fremje bedriftsetablering og nyskaping i næringslivet. Det var første gongen Vartdal og Sæbø skule var med på prosjektet, og utifrå sluttresultata kan ein konkludere med at dei gjennomførte gründercampen med ståkarakter.

Det var knytt stor spenning til framføringa av løysingane på kulturhuset i Ørsta før helga. Alle elevane la fram sine produkt og idéar framfor ein jury bestående av varaordførar Paul Kristian Hovden, næringssjef Martin Foldal, ungdomsleiar Aurora Høegh-Omdal og sjustjernekoordinator Stine Bratteberg.

Middagskonsept

Mange av elevgruppene hadde kome fram med idéar som var muleg å bruke for bedriftene, og etter ein tenkjepause kom juryen fram til at dei kløktigaste nytenkjarane denne gongen var elevane Sindre Brautaset, Olai Eikrem Riise og Anne Thi Håndlykken frå Sæbø skule. Dei hadde fått i oppdrag å lage eit tre-tretters middagskonsept til Rekke-dal gjestehus.

– Vi arbeidde hardt med dette. Først laga vi ein liten menyhaldar i tre som kan stå på bordet, og som

også har plass til namnelappar og visittkort. Så fann vi oppskrifter frå gamle dagar i ei kokebok vi fekk låne av besteforeldra til Anne Thi Håndlykken, og inviterte Bjarne og Margrete til middag. Det fekk vi gode tilbakemeldingar for, og vi fekk mykje informasjon og tips frå dei. Dei var flinke til å hjelpe oss undervegs. Alt i alt synest vi at vi hadde ei grei oppgåve som vi løyste på ein bra måte, fortel Sindre Brautaset.

Bjarne Rekkedal sette også pris på å få besøk av kreative elevar under gründercampen.

– Det var spesielt med sokkelen som kan nyttast til meny, bordkort og visittkort. Dette er noko vi kjem til å bruke på gjestehuset. Det var veldig artig å ha elevane på besøk. Dei var så aktive at eg nesten vart redd, seier ein nøgd Rekkedal.


– Ikkje lett å velje vinnar

På andre plass kom ei gruppe frå Vartdal skule som hadde laga eit framlegg til nyopninga av MC-Deler på Vartdal. På tredje plass kom ei anna gruppe frå Vartdal skule som hadde laga eit dagsprogram til barnehagen på Vartdal.

Varaordførar og meddommar Paul Kristian Hovden fryktar ikkje for framtida til næringslivet i Ørsta etter å ha sett kva elevane kunne pønse ut av forretningsidéar og løysingar.

– Vi er alle avhengige av å ha noko å leve av i framtida når oljen tek slutt. Difor kan det godt hende at nokre av dei idéane som kom fram i dag vil vere slike idéar som vi kan leve av i tida som kjem, seier Hovden, og medgir at det ikkje var ei enkel oppgåve å vere dommar for så mange gode idéar.

– Å velje ein vinnar blant så mange på så kort tid var ikkje lett. Men dei tre finalistane var gode alternativ. Dei representerer også kvar sine ytterpunkt. Det eine er ein kommunal barnehage med dagsopplegg, det andre er ei privat



Steffen Roth, David Vartdal, Jenny Charlotte Vartdal og Malin Sørensen Nerås frå Vartdal skule la fram eit konsept for lagring i høgda hos Vartdal Plast. Jostein Bjørlykhaug var ikkje til stades då biletet vart teke.

bedrift med dagsopplegg og det tredje er ei privat bedrift som representerer noko ein skal leve av i framtida.

Framtidens industriegarar

Næringssjef Martin Foldal var samd i at elevane hadde vist stor kreativitet.

– Det var imponerende korleis

dei fann løysingar på alt frå det teknologiske til det organisatoriske. Og kvart år vert eg like imponert over datakompetansen til dei som går på ungdomsskulen. Det er heilt imponerende, seier Foldal, som rosar gründercampkonseptet.

– Undersøkingar i England syner at det er tre gonger større sjanse for at dei som deltek på slike prosjekt vil starte bedrifter i framtida. Alle

ungdomar er kreative, men no kan dei tenkje på at det også går an å leve av å vere kreativ. Det vi skal leve av i framtida, er truleg ikkje oppfunne enno. Dette er framtidens industriegarar, konstaterer næringssjefen.

Kjell Arne Steinsvik



Anne Thi Håndlykken, Sindre Brautaset og Olai Eikrem Riise frå Sæbø skule tok sigeren med presentasjonen av ein bryllaupsmiddag frå gamle dagar. Bjarne og Margrete Rekkedal var godt nøgde med resultatet.



Anders Vartdal, Runar Kvien, Rebecca Vartdal, Ingrid Romestrand Aarseth og Jonas Sætre frå Vartdal skule hadde lagt fram ein marknadsføringskampanje for Sparebank1 med ungdom som målgruppe. Dommarane Paul Kristian Hovden og Stine Bratteberg vurderer resultatet.